

Notat 1/2007

Randi Bergem

Evaluering av studieemnet
Helsepedagogikk for farmasøytar

Prosjekttittel	Kartlegging av erfaringar med studiet Helsepedagogikk for farmasøytar
Prosjektansvarleg	Møreforskning Volda
Prosjektleiari	Randi Bergem
Finansiering	Høgskulen i Volda
Ansvarleg utgjevar	Møreforskning Volda
ISSN	0805-8075
Distribusjon	http://www.moreforsk.no/volda.htm http://www.hivolda.no/fou

Notatserien er for ulike slag publikasjonar av mindre omfang, t.d. forprosjektnotat, foredrag, artikkelutkast o.a. Eit hovudføremål med serien er å stimulere til publisering og fagleg debatt i miljøet. Spreiinga går i hovudsak til fagmiljøet i Volda, til eksterne fagmiljø og personar som forfattar(ar) ønskjer kommentarar frå. Kvar forfattar er ansvarleg for sitt arbeid.

Innhold

Innhold.....	3
Innleiing	4
Evaluering av Helsepedagogikk for farmasøytar	6
Evalueringsgrunnlaget.....	6
Motivasjon for og forventningar til studiet	6
Relevans: fagleg innhald og pensum.....	7
Arbeidsformer	8
Rettleiingsøvingane.....	9
Rettleiing - oppgåver.....	10
Gruppearbeid.....	10
Bruk av ClassFronter.....	10
Kombinasjon arbeid - studiar	11
Relevans for arbeidssituasjonen	12
Informasjon, organisering og gjennomføring av studiet	12
Oppsummering	14

Innleiing

Helsepedagogikk for farmasøytar tek utgangspunkt i studiet Helsepedagogikk, som er eit studietilbod ved Høgskulen i Volda (HVO). Studiet består av to emne på til saman 30 studiepoeng slik:

- Den kommuniserande helsetenesta (15 studiepoeng)
- Opplæring og informasjon til pasientar og pårørande (15 studiepoeng)

Helsepedagogikk for farmasøytar er tufta på delemne 2, Opplæring og informasjon til pasientar og pårørande, og er såleis eit studium som gir 15 studiepoeng på 300 nivå (masternivå). Hovudtemaet i studiet har vore *Informasjon og rådgjeving til pasientar/kundar og helsepersonell*. Elles er tema for studiet delt inn slik:¹

- Helsepolitiske tema – korleis kvalitetssikre legemiddelbruk
- Læring og didaktikk
- Kommunikasjon, språk og kunnskapsformidling

Målgruppa er tilsette ved sjukehusapoteka. Ei viktig oppgåva for tilsette ved sjukehusapoteka er riktig legemiddelbruk, difor er pedagogisk kunnskap for å kunne retteleie pasientar svært viktig. Sjukehusapoteka treng farmasøytar som kan kommunisere med kundar, pasientar pårørande og helsepersonell. Sjukehusapoteka ønskjer:

- Å vere eit spesialistapotek som er ein integrert del av helsevesenet
- Å vere eit kompetansesenter med serviceinnstilt personale der informasjon og rådgjeving utgjer ein sentral del av oppgåvene
- Å ha farmasøytar og reseptarar som er sterke på kunnskapsformidling

Det var direktøren for sjukehusapoteka i Helse Midt-Norge som tok initiativ til å få i gang eit studium for farmasøytar der fokuset var på rettleiing av pasientar. Ideen til eit slikt studium var mellom anna eit resultat av samtalar som direktøren hadde tilsette ved Kompetansesenter for pasientinformasjon. Det var etter kvart teke kontakt med Høgskulen i Volda, som så utvikla studiet Helsepedagogikk for farmasøytar, med utgangspunkt i det allereie etablerte studiet Helsepedagogikk. Utforminga av studieplanen og gjennomføringa av studiet har skjedd i nært samarbeid med sjukehusapoteka.

Mål for studiet

Hovudmålet for studiet er å styrke den pedagogiske og kommunikative kompetansen til sjukehusfarmasøytane (og eventuelt andre tilsette ved sjukehusapoteka som driv utoverretta verksemd) i møte med pasient/pårørande/kunde og helsepersonell. Delmål er at studentane skal:

- Tileigne seg kunnskap om ulike pasientgrupper sitt behov for informasjons- og opplæringstiltak
- Forstå verdien av at pasient/pårørande/kunde er medverkande i prosessen
- Utvikle kompetanse for å møte sårbare grupper
- Utvikle forståing for etiske dilemma knytte til rettleiing og rådgjevingsarbeid
- Utvikle kunnskap i å planlegge, gjennomføre og evaluere ulike former for informasjons- og opplæringstiltak
- Innsikt i å retteleie andre

¹ I studieplanen finst meir informasjon om studiet og kva konkrete tema som er tekne opp.

- Utvikle kritisk forståing for eigen og andre profesjonar si rolle i informasjon og rådgjevingsarbeid

Organisering og arbeidsformer

Det faglege ansvaret for studiet er lagt til Institutt for sosialfag ved Høgskulen i Volda (HVO), medan Kontoret for etter- og vidareutdanning (KEV) har hatt det administrative ansvaret.

Undervisninga er organisert med fire samlingar på to til tre dagar. To samlingar har vore i Volda og to i Trondheim. Undervisninga er lagt opp slik at ein kombinerer forelesingar med meir direkte studentaktive arbeidsformer, som rettleiingsøvingar, gruppearbeid og seminar. Det nettbaserte verktøyet ClassFronter er også brukt i studiet.

Som grunnlag for vurdering leverte studentane eit arbeidskrav, som skulle vere ein pasientbrosjyre om rett bruk av medisin, og i tillegg ei individuell heimeoppgåve (eksamen).

Kort om evalueringsoppdraget

Møreforskning Volda vart spurt om å oppsummere erfaringane med studiet. Oppsummeringa er tufta på studentane sine tilbakemeldingar i tilknytning til kvar samling, på data frå ei spørjeundersøking som studentar frå informasjonsutdanninga ved Høgskulen i Volda har gjennomført, og på intervju med fem nøkkelaktørar:

- To studentar (som er tilsette ved sjukehusapoteka)
- Direktør for sjukehusapoteka i Midt-Noreg HF
- Fagleg ansvarleg for studieemnet
- Administrativt ansvarleg for studieemnet

Med utgangspunkt i det nemnde datatilfanget og studieplanar/undervisningsplanar har Møreforskning Volda gjort ei oppsummering av korleis studiet har fungert fagleg og administrativt/organisatorisk.

Evaluering av Helsepedagogikk for farmasøytar

Evalueringsgrunnlaget

I løpet av studieperioden har det vore fire samlingar. Etter kvar samling har studentane mellom anna evaluert relevans, arbeidsformer, framstilling av stoffet, pensum, læringsutbyte og fått høve til å kome med synspunkt på dei neste samlingane.

I tillegg har ei studentgruppe ved bachelorutdanninga Informasjon og media ved Høgskulen i Volda gjennomført ei spørjeundersøking blant studentane ved studieemnet Helsepedagogikk for farmasøytar. Deira undersøkinga var del av eit praksisarbeid, der oppgåva var å utforme informasjonsmateriell med tanke på framtidig rekruttering til studiet. Vi har fått tilgang til utfylte spørjeskjema, og innlemma data frå denne undersøkinga i evalueringa/oppsummeringa.

I tillegg er det gjennomført intervju med tilsette ved Høgskulen i Volda som har vore fagleg og administrativt ansvarlege for studiet, og vi har fått skriftlege tilbakemeldingar frå to studentar og frå direktøren for sjukehusapoteka i Helse Midt-Norge.

Evalueringa/oppsummeringa byggjer såleis på studentevalueringar, ei spørjeundersøking blant studentane og intervju med eit utval nøkkelinformantar.

Motivasjon for og forventningar til studiet

For dei aller fleste var motivasjonen for å byrje på studiet knytt til ønsket om å lære meir om kommunikasjon og rettleiing, fordi farmasøytane meiner det er svært relevant for deira arbeidssituasjon, slik som nokre studentar seier det:

Lære pedagogikk, kommunikasjon og rettleiing, noe som ikke er i fokus på farmasistudiet

Relevant for arbeidssituasjonen

Lære om kommunikasjon med tanke på å jobbe mer klinisk

Ønske om å bli en bedre veileder for pasientene

Somme hadde også andre utgangspunkt for å starte på studiet:

Få et meir teoretisk grunnlag for praksis

Litt tilfeldig at jeg ble med

Sjølv om det for nokre var tilfeldig at dei byrja på studiet, var det altså behovet for og ønsket om å lære meir om kommunikasjon med pasientar/kundar som var motivasjonen for aller fleste.

Forventningane til studiet tok i stor grad utgangspunkt i dei same faktorane som er framheva når det gjeld motivasjon for studiet.

Å lære å formidle et budskap ved å kombinere det muntlige og skriftlige.

Jeg syntes studiet virket spennende og kunne fylle et tomrom som yrkesaktive farmasøyter har i sin bakgrunn

Relevans: fagleg innhald og pensum

Studentane er i ymse samanhengar (gjennom evaluering av samlingar og i spørjeundersøkinga) bedne om å vurdere det faglege innhaldet generelt og ubyte av forelesingane og pensum spesielt.

Når vi oppsummerer samlingane under eitt, er det generelle inntrykket at studentane opplever forelesingar og fagleg innhald som relevant for seg og sin arbeidssituasjon. Men det ser ut til at studentane i større grad ser relevansen, dess lenger ut i studiet dei har kome.

Ved evalueringa av den første samlinga er det fleire som gir uttrykk for at innhaldet i og opplegget for studiet er litt uklart, noko følgjande sitat viser:

Vanskelig å vurdere relevansen for studiet pga at studiet fortsatt er litt svevende/uklart.

Relevant, men følelsen av at det er litt nytt og ukjent fortsatt.

Det treng ikkje vere noka svak side ved eit studium at det vert oppfatta slik, og det er ofte vanskeleg å sjå relevansen og samanhengen tidleg i eit studium. Men det bør leggast vekt på å formidle ideane med studiet, temainndelinga, føremålet med rekkefølga på tema osv tydeleg i ein tidleg fase av studiet.

Innhaldet i tredje og fjerde samlingane vert vurdert som meir relevant. For det første kan det ha samanheng med at tema på den samlinga i større grad var retta direkte mot emne som studentane kjenner seg att i, for det andre kan det vere at forelesarane i større grad prøvde å tilpasse døme og innhaldet mot arbeidssituasjonen til studentane, og for det tredje kan ei forklaring vere at studentane då var komne så langt i studieløpet at dei såg tydelegare samanhengen i studiet. Dei to siste samlingane vert av nokre studentar vurdert slik.

Gode forelesinger, relevante tema. Kunne vært noe mer tid på juss og språk i pasientopplæringa. Stor forbedring fra forrige samling med tanke på at foreleserne kjenner til farmasøytens bakgrunn/arbeid.

Det meste var veldig relevant denne gangen

Veldig bra! Informasjon og rådgivning til pasienter er kjerneområdet vårt.
Alle forelesningene var relevante

Som farmasøyt vil jeg ha god nytte av det jeg har lært og jeg er veldig fornøyd.

Mye har vært veldig bra

Utbyttet av kvar enkelt forelesing er varierende. Nokre forelesingar vert framheva som svært bra, andre som mindre relevante. Forelesarane og tema som er knytte til farmasøytane sine "eigne" fag, og forelesarar som har lagt vekt på å bruke døme henta frå situasjonar som studentane kan kjenne seg att i frå eige arbeid, ser ut til å ha slått best an. Somme studentar har hatt vanskar med å sjå korleis dei skal kunne bruke kunnskap som er formidla gjennom nokre av forelesingane i arbeidssamheng:

Teorien burde i større grad vært knyttet opp til praksis

Eksempelene og litteraturen er for lite relatert til farmasøytens hverdag

Rekkefølga på tema i dei ulike samlingane bør vurderast, mellom anna er det mange som meiner at jus er så grunnleggande for kommunikasjon, rettleiing og forholdet mellom farmasøyt og pasient/kunde at det bør vurderast som tema på ei av dei første samlingane. Det kan også diskuterast om dette temaet bør ha større omfang.

Det er ei gjennomgåande tilbakemelding at pensum, og til dels det faglege innhaldet i studiet generelt, har vore for mykje retta mot sjukepleiefaget og mindre aktualisert med tanke på arbeidssituasjonen og utfordringane til farmasøytane. Sitata nedanfor illustrer korleis mange av studentane har oppfatta det:

Særleg i pensumlitteraturen har det vært for mye hentet fra sykepleiefaga

Til tider for dårlig samsvar mellom undervisning og pensum/litteratur

Synes mye av pensum er veldig sykepleieorientert

Konkret er det fleire studentar som gir uttrykk for at heile eller delar av boka til Kari Martinsen bør gå ut:

Synes ikke hele boken av Kari Martinsen var relevant, kunne plukke ut det viktigste.

Det meste er relevant og greit å lese, men Kari Martinsen syntes jeg var svevende/vanskelig å lese.

Når det gjeld pensum og oppfatninga om at det har vore for mykje retta mot sjukepleiarane sin situasjon, seier dei fagleg ansvarlege at dette har samanheng med at det meste av litteraturen som finst på feltet er retta mot sjukepleiefaget. Men dette vil kunne endre seg når det no ser ut til å kome fleire fagbøker og artiklar som er meir allmenne, det vil seie som kan brukast av fleire yrkesgrupper der pasientopplæring og pasientinformasjon er ein viktig del av arbeidet.

I det store og heile opplever studentane at det faglege innhaldet i studiet har vore bra, sjølv om det er enkeltforelesingar og delar av pensum som vert oppfatta som lite relevant. Det vert nemnt at forelesingane bør vere kvalitetssikra både når det gjeld innhald og med tanke på kven som utgjør studentgruppa. Somme poengterer også at studiet har vore prega av at det er nytt og at framdrifta i studiet i stor grad har vore avhengig av tilbakemeldingar frå studentane. Nokre har oppfatta det som ei positiv side ved studiet at dei kunne påverke både organisering og innhald undervegs, mellom anna gjennom det arbeidet som fagutvalet har gjort. Andre meiner at det som galdt oppgåveskriving og tema, innhald, opplegg for studiet i større grad burde vore fastlagt ved studiestart.

Arbeidsformer

Studiet har vore lagt opp med ein kombinasjon av forelesingar, gruppearbeid, rettleiingsøvingar og individuelle arbeid. Inntrykket er at studentane oppfattar vekslinga mellom forelesing og gruppearbeid som god. Det påverkar utbyttet av samlingane og studiet generelt i positiv retning.

Veldig bra med avbrekk mellom forelesningene i form av gruppearbeid og seminar.

Fint at det brukes flere arbeidsformer. Det bidrar til varierte og spennende samlinger.

Nyttig å veksle mellom teoretisk undervisning, toveiskommunikasjon, gruppearbeid og praktiske øvelser.

Studentane har også skrive individuelle oppgåver i løpet av studiet. Mange har hatt utbytte av dette, men for nokre er slik oppgåveskriving det som har gjeve minst utbytte med tanke på relevansen for arbeidssituasjonen:

Å lære å skrive en oppgave er mindre nyttig

Å kombinere ulike arbeidsformer har medverka til å gjere studiet interessant og relevant. Ikkje minst har det vore føremålstenleg å legge så pass mykje vekt på rettleiingsteori og rettleiingsøvingar.

Rettleiing som arbeidsform er nyttig

Å øve på rettleiingssituasjonen har vore svært nyttig

For mange var dette uvant og til dels vanskeleg i starten, men dei aller fleste studentane har hatt stort utbytte av dette. Nedanfor vert det gjort nærare greie for erfaringane med rettleiingsøvingane.

Rettleiingsøvingane

I studiet har det vore lagt vekt på rettleiingspedagogikk og øving i rettleiingssituasjonar. Dei aller fleste studentane meiner at denne delen av studiet har vore svært nyttig, sjølv om det både har vore nytt, utfordrande og til dels vanskeleg. Nokre av erfaringane med dette vert formidla på denne måten:

Svært lærerikt og vanskelig. Synes det var spennende å se hvordan slike prosesser fungerer. Ser at det er lettere å være "åpen" for å bli veiledet og å veilede med en mer strukturert arbeidsmetode.

Veldig utfordrende. Trenger meir øvelse, men bra å bli kastet litt ut i det. Kunne tenkt meg mer forelesing/praktisk informasjon om veiledning.

Det er fleire som nemner at det i forkant av slike øvingar gjerne kunne vore gitt grundigare innføring i tilnærmingar (teoriar) og verktøy før gjennomføringa av dei praktiske øvingane:

Bra utbytte, mulig med mer utbytte hvis man hadde kjent teorien/lest teorien i forkant.

Synes kanskje spranget fra første øvelse til de to neste var litt stor, kunne kanskje med fordel vært en gruppeoppgave mellom slik at en hadde litt mer trening før en gikk i gang med veiledningsgrunnlagene. Dvs trening i å bruke flere av verktøyene.

Det var interessant å lære om de forskjellige instrumentene, men mest utbytte hadde man av den frie samtalen.

Somme etterspør meir aktiv deltaking frå dei studieansvarlege i samband med rettleiingsøvingane:

Savnet litt mer aktiv tilstedeværelse fra kursledelsen underveis i prosessen, da roller osv ikke stod helst klart for oss i starten.

Kunne gjerne tenkt meg å se hvordan erfarne veiledere utøver veiledning.

I tillegg til det teoretiske tilfanget som er formidla om kommunikasjon og rettleiingsteori i studiet, verkar det som om rettleiingsøvingane er noko av det som har medverka til at farmasøytane i arbeidssituasjonen er blitt meir bevisste på korleis kommuniserer med pasientar/kundar.

Rettleiing - oppgåver

I kva grad studentane har nytta seg av tilbodet om oppgåverettleiing, har variert. Men dei fleste er jamt over tilfredse med rettleiinga som er gitt på samlingane, og i tilknytning til konkrete oppgåver. Men det er fleire studentar som formidlar synspunkt som kan vere viktige med tanke på justeringar og forbetringar av studiet:

Det kunne kanskje vært tidligere avklaring på dette med oppgaveskriving, for alle er opptatt av dette med skrivinga, naturlig nok.

Har inntrykk av at de fleste studenter kom sent i gang med oppgaven. Burde vært mulighet for individuell veiledning på samlingene på et tidligere tidspunkt. Tilbakemeldingene på oppgavene ble altfor generelle og satte ikke store nok krav til at man skulle være ordentlig i gang med skriving.

Gruppearbeid

Gruppearbeidet var mellom anna knytt til eitt av arbeidskrava, som var eit arbeid med ein informasjonsbrosjyre. Gruppearbeidet ser for det meste ut til å ha fungert bra. Fleire nemner at arbeidet i gruppene gjekk litt trått i starten, men at dei har lært mykje om rettleiing gjennom arbeid i gruppene. Studentmassen er i stor grad rekruttert frå eitt helseføretak, og det vert sagt at det er vanskeleg for studentar som kjem frå "andre" helseføretak å organisere slikt gruppearbeid, særleg med tanke på oppgaveskriving.

Bruk av ClassFronter

I og med at studentane berre er samla fire gongar i løpet av studiet, må kommunikasjonen mellom fagansvarleg, studiekoordinator og studentane også skje på andre måtar. ClassFronter er eit slikt verktøy, som kan fungere som informasjonskanal, men som også er tenkt som ein arena for diskusjon. Ein student formidlar følgjande erfaring med ClassFronter:

ClassFronter blir brukt i liten grad av studentene, for eksempel diskusjonsforum, men fungerer bra som et sted å finne informasjon som blir lagt ut.

Andre synspunkt på bruk av ClassFronter er:

ClassFronter fungerer bra. Jeg har aldri brukt det tidligere på studier, så jeg er godt fornøyd.

Synest CF er noe rotete oppbygd. Med vår undervisningsform (deltidsstudenter) passer mail bedre.

Somme har ikkje brukt CF i nokon særleg grad, men meiner samstundes det kunne vore bra om fleire av studentane hadde brukt ClassFronter meir aktivt:

Har kun brukt ClassFronter til å sende inn oppgave og hente ut undervisningsopplegg. Kunne vært brukt meir aktivt av alle.

ClassFronter ser altså ut til å ha fungert bra nå det gjeld å formidle informasjon, men mindre bra med tanke på diskusjon og samhandling studentane i mellom, og til samhandling mellom studentar og ansvarlege for studiet. Det vert også stilt spørsmål ved om det er nødvendig å bruke ClassFronter i det heile tatt i eit slikt studium.

Kombinasjon arbeid - studiar

Helsepedagogikk for farmasøytar er eit deltidsstudium, og dei fleste studentane tek studiet ved sida av å vere i arbeid. Mange har erfart at dette har gått fint, sjølv om det av og til har vore slitsamt:

Gikk veldig greitt, men var slitsomt i perioden når oppgaven skulle leveres.

Men det er også somme som opplever at dei ikkje fekk nok tid til studiane:

Det har vært litt vanskelig å få nok tid til studiene i tillegg til full jobb

Studiet krevde mer tid enn forventet

Kurset går ikke ut over arbeidssituasjonen, mer arbeidssituasjonen som går ut over kurset.

Høyt arbeidspress med mye overtid bidrar til at det er lite tid til overs til kurset. Har av den grunn ikke fått jobbet så mye med kurset som jeg burde.

I ein studiesituasjon er det svært ofte slik at ein gjerne skulle brukt meir tid på studiet, det gjeld vel også i dei tilfella ein ikkje er i arbeid ved sida av. Men dei fleste studentane ved Helsepedagogikk for farmasøytar opplever i alle fall at arbeidsplassen har vore positivt innstilt til deltaking på studiet:

Arbeidsplassen har lagt til rette, og det har ikke vært problem å få bruke tid til å vere med på samlingene.

I den grad dei ansvarlege for studiet kan avhjelpe utfordringar knytte til kombinasjonen arbeid–studiar, handlar det kanskje først og fremst om organisering av studiet, mellom anna når det gjeld lokalisering av samlingane.

Relevans for arbeidssituasjonen

Hovudmålet med studiet er å styrke den pedagogiske og kommunikative kompetansen til studentane. Når studentane vert spurde om relevansen og nytten av studiet, seier dei mellom anna:

Er blitt mer bevisst på kommunikasjon med pasienter

Tror jeg blir mer bevisst på hvordan jeg kommuniserer og forholder meg til kunder, annet helsepersonell, studenter og kollegaer. Vil prøve å legge mer til rette for læring i måten vi kommuniserer med hverandre på. Har fått bredere perspektiv og ser flere sider innen samhandling og samtale med andre.

Har blitt mer bevisst på hvordan pasienter og kunder kan veiledes i skranken, men synes ikke veiledningslitteraturen og øvelsene er relevante i forhold til situasjonen farmasøyt møter pasient i skranken. Mer rådgivning fra farmasøyten. Skulle vært mer fokus på farmasøytens arbeidssituasjon.

Har lært mye om kommunikasjon, holdninger til andre mennesker og veiledning. Dette er nyttige ting å ta med seg.

Bra og lærerikt. Gir farmasøyten viktig kompetanse i direkte arbeid med pasienter. Den er nyttig i forhold til både undervisning og samhandling med andre. Mye å ta med seg.

Kan bruke dette i alle aspekter av mitt arbeid, mot kollegaer og kunder og annet helsepersonell.

Jeg har blitt tryggere på vanskelige pasientsituasjoner og har lært gode grep for å få til en god kommunikasjon med pasienten.

Dette viser at det faglege utbyttet blant studentane i stor grad samsvarar med hovudmålet for studiet; å styrke den pedagogiske og kommunikative kompetansen, og at dei opplever innhaldet i studiet som relevant for arbeidssituasjonen.

Informasjon, organisering og gjennomføring av studiet

Å gjennomføre eit studium som er tufta på nokre få samlingar og elles på bruk av e-post og nettbasterte verktøy set nok ekstra store krav til informasjon og formidling av denne. Å finne det rette tidspunktet, den passelege mengda og den mest føremålstenlege måten å informere på, er alltid ei utfordring. Når det gjeld informasjonen som er knytt til studiet, kan nokre sitat illustrere erfaringane:

Litt lite informasjon om hva som skulle inngå i kurset, men ok i forhold til arbeidskrav.

Lite informasjon om hva vi faktisk skulle lære av kurset.

Dette sitatet peikar på noko som også er nemnt lenger framme i notatet (om motivasjon og forventningar), der vi har poengtert at det tidleg i eit studium er viktig å bruke tid på å forklare kva som er ideane med studiet, og prøve å få fram kva som ligg til grunn for dei ulike samlingane og kvifor eitt tema kjem før eit anna osv.

Om tidspunktet for når informasjonen er gitt vert det mellom anna sagt:

Informasjon og litteratur burde vært sendt ut en del tidligere enn det ble gjort da studiet startet. Dette har kanskje noe med at det tok litt tid før det ble bestemt at studiet skulle settes i gang.

Informasjonen har vært litt både og. Noe informasjon har kommet litt i seneste laget i forkant av samling, særlig når det gjelder oppgaver som skulle vært utført før samling.

Sjansane for å påverke gjennomføringa av studiet har vore gode og tilgjengelege, og det har vore gjort justeringar undervegs etter tilbakemeldingar frå studentane. Tilbakemeldingane har vore gitt gjennom skriftlege og munnlege evalueringar, og ved at studentane har vore representert i fagutvalet, som har vore relativt aktivt. Somme har likevel ikkje oppfatta at det har vore opning for å vere å påverke gjennomføringa.

Har ikke tenkt på dette som noen mulighet.

Når det gjeld dei organisatoriske sidene ved samlingane er det mange som synest det har fungert godt:

Seminarene/samlingene har vært godt organisert.

Fungerte bra både i Volda og Trondheim, måtte uansett reise med fly, så det ble stor sett det samme. Fine lokaler og bra utstyr begge steder.

Veldig bra seminarer. Man blir godt mottatt og tatt vare på ... fint at ikke alle seminarene har vært i Volda.

Andre meiner organiseringa rundt samlingane har vore ”både òg”:

Bra organisert, kanskje litt lange dager.

Kunne vært betre. Det ble en del tull med lokaler etc i forbindelse med 2. runde i Volda – med Classfronter osv. Ellers problemer med å overholde tidene....

Synes de to i Volda var litt ”rotete” organisert. Hvor skal vi være, overholde tidsplan, hvilke verktøy er nødvendig osv. Bedre i Trondheim.

Greit organisert, men noen ganger litt feil bruk av tid etter min mening. Men det har gått seg til.

Dei ansvarlege for studiet ved HVO er opne for og interesserte i at lokalisering av samlingane, og ulike sider ved organiseringa elles, må tilpassast ”oppdragsgjevar” (sjukehusapoteka) og studentane. Mellom anna om samlingane skal lokaliserast i Volda, Trondheim eller andre stader.

Ei av samlingane var gjennomført saman med studentar ved studiet Helsepedagogikk. Somme meiner at det ikkje var spesielt positivt for dei som var knytte til Helsepedagogikk for farmasøytar.

Det sosiale miljøet på samlingane vert av dei fleste vurdert som svært bra, men nokre nemner at det kanskje kunne vore lagt enno meir vekt på det sosiale. Slike aspekt vil det som oftast vere vanskeleg å legge til rette slik at alle synest det er ”akkurat passe.”

Den administrative og faglege forankringa av studiet har til no vore spreidd, ved at fleire avdelingar har spelt ei rolle. Både KEV, ASF, og til dels KPI har vore inne i studiet. Frå Høgskulen i Volda si side vert det sagt at ein bør vurdere å forankre studiet både administrativt og fagleg òi avdeling/eitt institutt ved høgskulen.

Oppsummering

Studiet Helsepedagogikk for farmasøytar er gjennomført éin gong, og dette notatet er hovudsakleg ei oppsummering av erfaringane som studentane har hatt med fagleg innhald og organisering av studiet. Men notatet formidlar også synspunkt frå dei fagleg og administrativt ansvarlege og frå sjukehusapoteka si side.

Studieplanen var lagt opp slik at ikkje alt var fastspikra på førehand, og det har vore lagt til rette for at både studentar og ”oppdragsgjevar” har fått legge premissar for vinkling og organisering av studiet etter kvart som studiet skreid fram. Mellom anna har fagutvalet spelt eit sentral rolle i det arbeidet. Nokre har oppfatta dette som positivt og nødvendig, andre har følt at det har vore vanskeleg å få tak på studiet nettopp fordi det på fleire måtar har ”vorte til undervegs”.

Dei aller fleste studentane er generelt positive til studiet, både med tanke på dei faglege sidene og dei administrativt/organisatoriske sidene. Men evalueringa/oppsummeringa viser at det er fleire sider ved studiet som bør justerast og nokre sider ved studiet bør endrast.

Nedanfor følgjer ei punktvis oppsummering med nokre forsøk på tilrådingar til det vidare arbeid med studiet.

- Motivasjonen for å ta til på studiet var, for dei aller fleste, behov for og ønske om å lære meir om kommunikasjon og rettleiing. Forventningane til studiet handla i stor grad om dei same forholda.
- Det faglege innhaldet vert i stor grad vurdert som relevant, men rekkefølgja på tema kan sjåast nærare på. Mellom anna kan det truleg vere føremålstenleg at jus vert teke opp tidlegare i studiet, og kanskje bør få større plass.
- Forelesarane bør i større grad ha kjennskap til farmasøytane sine arbeidsoppgåver og arbeidssituasjon. Forelesingane bør tilpassast målgruppa og kvalitetssikrast elles.
- Pensum har vore for mykje rette mot sjukepleiefaget. Pensum bør evaluerast, særleg med tanke på å finne litteratur som er mindre sjukepleiefaglege og meir relevant for farmasøytane.
- Arbeidsmetodane, med veksling mellom forelesingar, seminar og gruppearbeid, kan med fordel vidareførast.
- Rettleiingsøvingane vert vurdert som svært nyttige, sjølv om det var utfordrande for mange. Somme meinte det burde vere grundigare innføring i rettleiingsteori/tilnærmingar før ein sette i gang med dei praktiske øvingane. Det er også ytra ønske om meir aktiv deltaking frå studieansvarlege inn mot dei praktiske øvingane.

- Dei aller fleste har godt utbytte av oppgåveseminara. Både fordi dei sjølve får trening i å presentere tekstar, og fordi dei får nyttige tilbakemeldingar frå medstudentar og rettleiarane.
- Somme har hatt meir igjen for direkte tilbakemeldingar enn av oppgåveseminara. Ein føresetnad for å ha godt utbytte av seminara, er å vere godt førebudd. Det bør presiserast til studentane.
- Studentar og oppdragsgjevar (sjukehusapoteka) har hatt høve til å legge føringar på utforming av og innhald i studiet, både før studiestart og i løpet av studieperioden. Somme har oppfatta dette som ein føremålstenleg måte å gjere det på, andre meiner studiet har vore litt for prega av ”planlegging undervegs.”
- ClassFronter har fungert bra når det gjeld å formidle informasjon, men mindre bra som verktøy for faglege diskusjonar.
- Fleire meiner at informasjonen i tilknytning til oppgåvene kom i seinaste laget, og at innhaldet i studiet burde vore formidla på ein tydlegare måte tidleg i studiet.
- Lokalisering av samlingane må vurderast. Eitt forslag kan vere at første samling er i Volda, medan dei andre er i Trondheim, eller ein annan stad som reisemessig er lettare tilgjengeleg for flesteparten av studentane.
- Samarbeidet mellom Høgskulen i Volda og ”oppdragsgjevar” – sjukehusapoteka har vore godt og nyttig.
- Fagutvalet har vore aktivt og har fungert svært godt, med engasjerte representantar for studentane.
- Studentane er jamt over tilfredse med oppfølginga dei har fått frå dei som har vore ansvarlege for studiet.
- Oppdragsgjevar (Sjukehusapoteka) opplevde behov for kompetanse om rettleiing og kunnskap om temaet pasientopplæring hos sine farmasøytar. Studiet har på mange måtar vist at det medverkar til å auke denne kompetansen hos farmasøytane. Men dei opplever at somme sider ved studiet som må endrast for at det skal treffe enno betre behova og situasjonen ved sjukehusapoteka (jf fleire av punkta ovanfor).
- Hovudmålet med studiet er å styrke den pedagogiske og kommunikative kompetansen til studentane. Mange av studentane trekkjer fram at det nettopp er kunnskapen om kommunikasjon med pasientar og det å vere meir bevisst på dette som er lærdomen av studiet.